

Protokoll
Styremøte nr. 8/2016
Norges Friidrettsforbund
30. september kl. 15.00-17.30
på Hotell Q33, Økern, Oslo

Tilstades: Tore Hordnes, Svein Arne Hansen, Kalle Glomsaker Anne Farseth,
Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Ellen Strøm
Juliussen, Monica Grefstad Frøyenes, Atle Guttormsen og Stine Haugum.

Referent: Narve Heggheim, Berit Nøbben

Forfall: Svein Arne Hansen

Saksliste for styremøte 8-2016:

- Sak 63/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 24.8.16
- Sak 64/2016 Orientering frå idrettslig avdeling
- Sak 65/2016 Organisering i generalsekretærens fravær
- Sak 66/2016 Regnskapsrapport pr. 26.9.2016
- Sak 67/2016 Orientering om markedsarbeidet
- Sak 68/2016 Orientering om situasjonen i Oslo/Akershus
- Sak 69/2016 Gjennomgang av Høstmøte
- Sak 70/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene
- Sak 71/2016 Sanksjonsbestemmelser barneidrettsreglene
- Sak 72/2016 Øvingsutvalg barn og ungdom
- Sak 73/2016 Klubb utvikling 2017

Sak 63/2016 Godkjenning av innkalling og protokoll/referat frå forrige styremøte 24.8.16

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjend. Godkjenning av referat vart utsett til neste møte pga sjukdom og manglande tilgang på dokument. Styret ber om at ustette saker vedrørende terminliste og nasjonale mesterskap blir sak på neste styremøte.

Sak 64/2016 Orientering frå idrettslig avdeling

Toppidrettssjef og utviklingsansvarleg presenterte planer, prioriteringar og strategiar i eit fireårsperspektiv.

Vedtak: Styret stiller seg bak prinsippa i satsingsmodellen som vart presentert av idrettsleg avdeling.

Sak 65/2016 Organisering i generalsekretærens fravær

Generalsekretær er sjukmeldt ein lengre periode. I den situasjonen må ein ha på plass midlertidige løysingar i sentraladministrasjonen.

Vedtak: President og organisasjonssjef ivaretek funksjonane til generalsekretær i hans sjukefravær innanfor det som er praktisk mogeleg. Styret gjev president fullmakter til å ta beslutningar og signere på generalsekretærens vegne den tida han er sjukmeldt. Økonomisjef signerer og godkjenner på bilag og transaksjonar som berører president.

Sak 66/2016 Regnskapsrapport pr. 26.9.2016

Regnskapsrapport med prognose pr. 6. september vart lagt fram. Prognose indikerer negativt årsresultat på kr 2.618.173,- mot budsjettert underskudd på 2.000.000,-.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.

Sak 67/2016 Orientering om markedsarbeidet

Det vart orientert om status i markedsarbeidet. Det pågår samtalar med fleire aktørar på ulike nivå men ingen signerte avtaler enda.

Sak 68/2016 Orientering om situasjonen i Oslo/Akershus

Styret vart orientert om personalsituasjonen i Oslo og Akershus Friidrettskretsar.

Sak 69/2016 Gjennomgang av Høstmøte

Styret gjekk igjennom program og køyreplan for høstmøtet.

Sak 70/2016 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene

Styremedlemmene orienterte frå sine fagområde i styrearbeidet.

Vedtak: Orienteringane vart tekne til etterretning.

Sak 71/2016 Sanksjonsbestemmelser barneidrettsreglene

Norges Idrettsforbund arbeider med sanksjonsbestemmelser for brot på barneidrettsbestemmelsane. Det er uavklart om særforbunda må ha egne retningslinjer eller om det blir felles for alle idrettar basert på NIF sitt lovverk.

Vedtak: Saka vart utsett fram til NIF si handtering og beslutning er klar.

Sak 72/2016 Øvingsutvalg barn og ungdom

Øvingsutvalg med forslag til endringar vart lagt fram og diskutert.

**Vedtak: Gjeldande øvingsutvalg vert vidareført med desse endringane:
4 kamp og 1 kilos kule for gutar/jenter rekrutt utgår. I gutar 14 år blir det åpna for spyd 500 g som øvelse.**

Sak 73/2016 Klubbutvikling 2017

Styret diskuterte korleis ein kan få mest muleg ut av midlane ein brukar på klubbutvikling og om ein skal prioritere dette på same måte som ein har gjort til no. Det bør vurderast om deler av klubbutviklinga kan gjerast digitalt og nettbasert i framtida.

Vedtak: Framtidig struktur på klubbutvikling vert sett opp som sak på styreseminaret i forbindelse med økonomi/budsjett.

Møtet slutt 19.20